

Prosjektomtale

Målindikatorar for areal- og transportutviklinga i bergensområdet

Innleiing

Bakgrunn og føremål

Det overordna målet for Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017 – 2028 (RATP) er at *bergensområdet skal vere ein berekraftig og konkurransedyktig vekstregion*. I dette ligger det at transport og utbyggingsmønster skal gi effektiv og klimavenleg utnytting av samfunnsressursar og infrastruktur. Det nasjonale nullvekstmålet skal ligge til grunn. Ein skal og sikre at regional grønstruktur og kulturminneverdiar vert bevart.

Planen legg opp til eit konsentrert utbyggingsmønster for å stø opp om det overordna målet, der satsing på ei attraktiv og kompakt utvikling av regionale vekstsone vert løfta som eit viktig plangrep.

For å vurdere om areal- og transportutviklinga i Bergensområdet følgjer opp regionale og nasjonale planretningslinjer, er det trong for målindikatorsett for å kunne analysere retninga på utviklinga. Indikatorane skal fortrinnsvis bidra til meir kunnskap slik at ein betre kan følgje opp i planretteiinga og det regionale samarbeidet framover.

Prosjektet fekk tilskot på 300 00 kroner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet juni 2019, med krav om sluttrapportering desember 2020.

Prosjektetoppgåva

Med bakgrunn i tiltak 1 i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet skal ein gjennom prosjektet utvikle målindikatorar for å vurdere om måla i planen vert nådd. Desse skal bli sett i samanheng med indikatorane utvikla i samband med byvekstavtalen.

I indikatorsettet som følgjer byvekstavtalen med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune er det til dømes i dag indikatorar knytt til areal i høve bustad- og arbeidsplassstilhøve rundt kollektivknutepunkt. Ein vil i dette prosjektet vurdere om det er fleir indikatorar som kan seie noko om areal- og transportutviklinga, til dømes gjennom ei analyse av nedbygging av grøntareal innad i byregionen eller tilhøva mellom lokalisering av bustadar og arbeidsplassar.

Døme på arealindikatorar

Nye bustadar sin avstand til avtaleområdet sine større sentra/store kollektivknutepunkt

Besøks-/arbeidsplassintensive arbeidsplassar sin avstand til avtaleområdet sine større sentra/store kollektivknutepunkt

- frå indikatorsettet til byvekstavtalen med Bergen

Eit viktig premis for indikatorane ein skal vurdere er at dei bør kunne utarbeidast på jamleg basis og kunne gjennomførast av fylkeskommunens eigne tilsette. Likevel er det i dette prosjektet sett av finansiering til konsulentteneste, då det er uklart i kor stor grad fylkeskommunen har nok personalressursar til å evaluere dette sjølv.

Fleire andre fylkeskommunar har liknande prosjekt som tiltakspunkt i deira regionale areal- og transportplanar. Ein del av prosjektarbeidet vil difor gå ut på å rådføre seg med andre fylke om tiltak som ein finn relevante for dette prosjektet.

Mål for areal- og transportutviklinga i bergensområdet

Den regionale areal- og transportplanen greier ut for kva utfordringar ein har i planområdet. For å svare på desse stadfester RATP følgjande mål for utviklinga framover. Utvikling av eit målindikatorsett skal sørge for at ein får meir kunnskap om kor vidt ein klarer å følgje desse opp.

Overordna mål

Bergensområdet skal vere ein berekraftig og konkurransedyktig vekstregion.

Mål for senterstruktur og utbyggingsmønster

Utbyggingsmønsteret i bergensområdet skal vere arealeffektivt og klimavenleg basert på den regionale senterstrukturen. Hovudtyngda av veksten i arbeidsplassar og bustadar skal kome innanfor regionale vekstsoner.

Delmål:

Det skal vere høg arealutnytting i sentrumsnære område med høg kvalitet i utbygginga

Mål for bustadområde

Bergensområdet skal ha attraktive og gunstige lokaliserte areal til bustad som dekkjer eit langsiktig behov

Delmål:

Alle delar av bergensområdet skal ha eit balansert tilbod av bustader av ulik type og storleik for å dekke behovet for alle hushaldstyper og livsfasar

Større bustadområde skal i hovudsak vere sikra nærleik til sosial infrastruktur og tilgang til leikeareal/grøntareal.

Nye bustadområde skal planleggast slik at dei har grunnlag for god kollektivdekning

Mål for næringsareal og arbeidsplassar

Bergensområdet skal ha attraktive og gunstige lokaliserte næringsareal som dekkjer eit langsiktig behov.

Delmål:

Det skal vere vekst i arbeidsplassar og næringsareal i alle delar av bergensområdet. Vekst bør skje ved at arbeidsplassintensiv næringsutvikling og offentleg verksemd vert lokalisert knytt til hovudstrukturen for kollektivsystemet.

Nye næringsareal for arealkrevjande verksemd skal bli lokalisert på eigna måte i høve til transportinfrastruktur og senterstruktur og slik at konflikt med ønska byutvikling blir minimert.

Mål for natur, kulturmiljø og landskap

Utbygging i bergensområdet skal ta omsyn til naturmangfald, landskap, landbruk, kulturmiljø og friluftsliv. Arealbruken skal leggje til rette for ein aktiv befolkning med god tilgang på samanhengande natur- og friluftsområde og fremje kulturminna som identitetsskapande ressursar

Organisering, gjennomføring og økonomi

Resultatmål for prosjektet

Utvikle eit målindikatorsett som gir grunnlag for å vurdere om måla i Regional areal- og transportplan vert nådd.

Milepæler

Oppstart våren 2020 – sluttrapportering desember 2020

Aktivitetar

- Opprette intern arbeidsgruppe, fellesmøter plan- og analysemiljøet ved VLFK
- Lyse ut konsulentoppdrag som vil jobbe tett med arbeidsgruppa
- Halde ein verkstad for å få innspel frå kommunane/andre fylkeskommunar som jobbar med det same
- Formidle resultatet av prosjektet

Arbeidsgruppe: Seksjon for plan, klima og folkehelse og seksjon for kart, statistikk og analyse.

Ein del av arbeidet vil gå ut på å rådføre seg med t.d. Miljøløftet og andre fylkeskommunar.

Prosjektansvarleg: Lars Petter Klem, seksjon for plan, klima og folkehelse.

Prosjektansvarleg skal innskaffe relevant informasjon, førebu møteverksemd og har det daglege ansvaret med å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer ansvar for dokumentering av utgifter, kontakt med andre fylkeskommunar og offentlege instansar, skriving av anbod, kontaktperson for konsulent, formidling av resultat og arbeid med rapportering.

| Utvikle målindikatorar | 2020 |
|---|----------------|
| Prosjektstilling Vestland fylkeskommune | 300 000 |
| Konsulenttenester | 300 000 |
| Sum | 600 000 |

| Utvikle målindikatorar | 2020 |
|--|----------------|
| Eigeninnsats | 300 000 |
| Tilskot | 300 000 |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | |
| Sum | 600 000 |

| Funksjon | Namn | Adresse | Kontakt |
|-----------------------|---|----------------------------------|---|
| Prosjektleder | Lars Petter Klem | Sandslihaugen 30, 5254 Bergen | +47 48 89 39 59 Lars.Petter.Klem@vlfk.no |
| | <i>Seksjon for plan, klima og folkehelse, avdeling for strategisk utvikling og digitalisering</i> | | |
| Prosjektteigar | Vestland fylkeskommune | Sandslihaugen 30, 5254 Bergen | |

Prosjektert framdriftsplan

Forslag til framdriftsplan for prosjektet per 09.01.2020.

Sluttrapport skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet 1. desember 2020

Behovet for anbudsutlysning vil bli vurdert i oppstartsfasen.

| | Jan | Feb | Mar | Apr | Mai | Jun | Jul | Aug | Sep | Okt | Nov | Des |
|---|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|
| Opstart | | | | | | | | | | | | |
| Indikatorutvikling internt og rådføring med andre | | | | | | | | | | | | |
| Utlysning og signering av anbod | | | | | | | | | | | | |
| Analyse- /konsulentarbeid | | | | | | | | | | | | |
| Sluttrapport og ferdigstilling | | | | | | | | | | | | |

Nyttige lenker:

Felles indikatorsett for byveksttalen i Bergen

<https://xn--miljftt-o8ab.no/globalassets/avtalen-med-vedlegg/vedlegg-8-veileder-bergen-bma.pdf>

CICERO-rapport om byveksttaler (omtaler bruk av indikatorer):

<https://www.cicero.oslo.no/no/bymiljoavtaler/sluttrapport-byveksttalene>

Rambøll-rapport om forslag til arealindikatorer:

https://www.regjeringen.no/contentassets/f0d114f429fd48f38009ba584b88669e/rapport_arealprofiler_ramboll2018.pdf

Å beskrive miljøtilstand og berekraftig utvikling i byer og tettsteder (Miljødir):

<http://tema.miljodirektoratet.no/old/klif/publikasjoner/utvikling/1726/pdf/hele-rapporten.pdf>

Namn på dokument
Type dokument:
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:-
Side 4 av 4